

Prop. 150 L

(2014–2015)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringer i EØS-høringsloven (elektronisk administrativt samarbeid)

*Tilråding frå Nærings- og fiskeridepartementet 21. august 2015,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Nærings- og fiskeridepartementet foreslår i denne proposisjonen ei lovendring som gjev forskriftsheimel til å gjennomføre Europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 1024/2012 «Om forvaltningssamarbeid gjennom informasjonssystemet for det indre marked og om oppheving av kommisjonsvedtak 2008/49/EF» (IMI-forordninga). Departementet foreslår å ta forskriftsheimelen inn i lov 17. desember 2004 nr. 101 om europeisk meldeplikt for tekniske reglar (EØS-høringsloven).

Forordninga regulerer ulike forhold knytte til informasjonssystemet for den indre marknaden (IMI) og søker å oppnå fire hovudmål;

- å etablere eit horisontalt rettsgrunnlag for IMI og fastsetje felles reglar for ein mest mogleg effektiv bruk av systemet,
- å etablere eit regelverk for personvern i IMI,
- å leggje til rette for framtidig utvida bruk av IMI innanfor nye saksfelt,
- å klargjere rollene til og forenkle kontakten mellom aktørane i IMI.

2 Bakgrunnen for forslaget

EØS-reglane pålegg i aukande grad styresmakterne i EØS-statane å samarbeide med kvarandre. Målet er at samarbeidet skal bidra til ein meir vel-

fungerande og effektiv indre marknad. Slikt administrativt samarbeid kan til dømes gjelde utveksling av informasjon i samband med forvaltning av løyveordningar eller bistand i samband med tilsyn med aktørar som opererer i fleire EØS-statar.

Europakommisjonen utvikla i 2008 eit elektronisk informasjonssystem for den indre marknaden (IMI) for å styrka samarbeidet mellom styresmakter i EØS-statane på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå. Relevante styresmakter kan med IMI som verktøy effektivt utveksle informasjon om vilkåra for å drive økonomiske og næringsretta aktiviteter i dei respektive EØS-statane.

Europakommisjonen la 21. februar 2011 fram ein strategi¹ for å byggje ut og utvikle informasjonssystemet IMI, og forslag til forordning vart framlagt i august same år. Forordninga vart formelt vedteken 25. oktober 2012 og publisert i EU-tidende 14. november 2012 med verknad 20 dagar seinare.

EØS-komiteen vedtok den 30. april 2015 å innlemme Europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 1024/2012 om IMI-forordninga i EØS-avtalen. Noreg var med på vedtaket med atterhald om samtykke i Stortinget, jf. kgl. res. av 24.04.2015. Utanriksdepartementet fremjar parallelt med dette lovforslaget ein prop. S om sam-

¹ KOM(2011) 75 endelig

tykke til godkjenning av avgjerda i EØS-komiteen. Dersom Stortinget samtykkjer, vil det innebere ei plikt til å gjennomføre forordninga i norsk rett. Etter EØS-avtalen artikkel 103 skal eit vedtak i EØS-komiteen som hovudregel gjennomførast innan utgangen av seks månader etter vedtaket i EØS-komiteen, dvs. innan 30.oktober 2015 i dette tilfellet. Ei uoffisiell norsk omsetning av forordninga er teken inn som vedlegg i denne proposisjonen.

Europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 1024/2012 om administrativt samarbeid gjennom informasjonssystemet for den indre marknaden (IMI) etablerer eit horisontalt rettsgrunnlag for IMI og fastset felles reglar for einsarta bruk av systemet. Forordninga fastset regelverk for personvern, samstundes som rollene til og kontakten mellom IMI-aktørane blir klargjorte og forenkla. Det blir også lagt til rette for framtidig, utvida bruk av IMI innanfor nye saksfelt.

3 Nærare om IMI

IMI er eit elektronisk verktøy som Europakommisjonen leverer. IMI skal lette forvaltningssamarbeidet mellom relevante styresmakter i EØS og mellom styresmaktene og ESA/Europakommisjonen. Programvara er gratis og enkelt tilgjengeleg gjennom IMI- portalen på Europakommisjonens heimeside. Systemet kan nyttast på alle offisielle EU-språk. Verktøyet er gratis å bruke for IMI-aktørane. Informasjonsutvekslinga skjer elektronisk. Systemet er såleis både tids- og kostnadssparande for brukarane.

IMI består av fleire modular, og blir til dømes nytta for å oppfylle styresmaktene sine meldeplikter til andre styresmakter eller til EFTAs overvakingorgan og for å leggje til rette for å gjennomføre varslingsplikta og andre plikter som følgjer av regelverket på det aktuelle området ein samarbeider administrativt om. SOLVIT- nettverket (uformelt nettverk som hjelper private og bedrifter når dei står overfor feil bruk av EU-regelverk) nyttar IMI i sakshandsaminga.

I dag blir IMI nytta som elektronisk verktøy ved administrativt samarbeid innanfor virkeområda til fleire direktiv, medrekna: yrkeskvalifikasjonsdirektivet², tenestedirektivet³, pasientrettar-direktivet⁴ og utsendingsdirektivet⁵. Samstundes

har Europakommisjonen sett i gang eit pilotprosjekt for å vurdere om IMI er eigna for bruk etter e-handelsdirektivet⁶ og lokførarbevisdirektivet⁷. Pilotprosjekt for bruk av IMI på området for retur av kulturskattar⁸ og offentlege innkjøp⁹ er under utgreiing.

Hovudaktørane i IMI er ansvarlege styresmakter (normalt underliggjande etatar og organ med delegert ansvar) i EØS som har det daglege ansvaret for offentlege oppgåver knytte til det området der IMI skal nyttast som verktøy. Dei aktuelle styresmaktene får tilgjengerett til den eller dei modulane i IMI som er relevante for deira verksemd. Styresmaktene kan som IMI-aktørar sende og ta i mot førespurnader, ta i mot informasjon og åtvaringar og forvalte opplysningar i modulen i tråd med tilgjengerettane.

Kvart medlemsland har ein nasjonal IMI-koordinator. Nærings- og fiskeridepartementet er nasjonal IMI-koordinator i Noreg. Departementet har såleis eit overordna ansvar for IMI i Noreg og deltek i arbeidet på europeisk nivå.

Den ansvarlege styresmakta for det fagområdet IMI skal nyttast på, er også fagleg koordinator for sitt område: Nærings- og fiskeridepartementet er difor også IMI-koordinator for tenestedirektivet i IMI. Vidare er til dømes Kunnskapsdepartementet IMI-koordinator for yrkeskvalifikasjonsdirektivet og Arbeidstilsynet er IMI-koordinator for bruken knytt til utsendingsdirektivet. Rolla til dei faglege koordinatorane er i hovudsak å hjelpe brukarane dersom det er behov for dette i det daglege. Dei faglege koordinatorane følgjer også opp overfor brukarane dersom det til dømes ikkje blir svart på førespurnader frå andre EØS-land innan fristane.

Europakommisjonen har eit IMI-team som er ansvarlege for drifta og utviklinga av systemet. Teamet har også ei hjelpeteneste og utarbeider opplærings- og marknadsføringsmateriale som dei deler ut fritt.

4 Gjeldande rett

Noreg har vore brukar av IMI frå starten. IMI vart etablert på ulovfesta grunnlag, og har til no fungert ut frå det. Bruken av systemet har såleis vore frivillig. Kommisjonsavgjerd 2008/49/EF om handteringa av personlege opplysningar i IMI har

² 2005/36/EU, endra ved 2013/55/EU

³ 2006/123/EU

⁴ 2011/24/EU

⁵ 96/71/EU

⁶ 2000/31/EU

⁷ 2007/59/EU

⁸ 2014/60/EU

⁹ 2014/24/EU og 2014/25/EU

lagt rammene for personvernet ved bruken av systemet. Noreg bidrar til finansieringa av bruk og utvikling av systemet gjennom eit tilskot til EUs budsjett for utvikling og gjennomføring av den indre marknaden.

Tenestedirektivet krev at utkast til reglar om tenester som er omfatta av direktivet blir notifisert. Plikta er teken inn i EØS-høringslova kapittel VI. Det går fram av lova § 17 at melding om slike reglar skal gå til EFTAs overvaksingsorgan (ESA) gjennom departementet. Tidlegare vart slikt regelverk notifisert til ESA ved bruk av e-post frå departementet som IMI-koordinator. Etter ESA sin gjennomgang vart notifiseringa så vidare sendt til Europakommisjonen, som igjen sende melding til alle EØS-statane.

Då IMI-forordninga tredde i kraft skulle alle notifiseringar etter tenestedirektivet skje ved bruk av IMI. Forordninga inneber også ei forenkling av notifiseringsordninga etter tenestedirektivet.

I perioden fram til at IMI-forordninga vart innlemma i EØS-avtalen, vart det på eit tidspunkt uklårt om EØS/EFTA-statane kunne ta i bruk modulen for notifiseringar av regelverk etter tenestedirektivet. Europakommisjonen og EØS/EFTA-statane diskuterte dette saman i EFTAs arbeidsgruppe for næringspolitikk og indre marknadssaker. Etter dette møtet gav Europakommisjonen si tilslutning til at EØS/EFTA-statane, på frivillig basis, fekk ta i bruk IMI til notifiseringar utan opphald. ESA kunne likevel ikkje få tilgang til IMI før forordninga var innlemma i EØS-avtalen. Sidan 2012 har difor notifiseringar om endringar i norsk tenesteregulering vorte sendt to vegar; til ESA per e-post og til Europakommisjonen og resten av EØS-medlemslanda gjennom IMI. Når IMI-forordninga no er gjennomført, skal ESA få tilgang til modulen for tenestenotifisering i IMI, og det inneber ei vidare forenkling av denne administrative prosessen.

5 Nærare om forordning (EU) nr. 1024/2012

Forordning (EU) nr. 1024/2012 erstattar kommisjonsavgjerd 2008/49/EF om handteringa av personlege opplysningar i IMI. Samstundes blir eit horisontalt rettsgrunnlag for IMI etablert, og felles reglar for bruken er fastsett for å sikre effektiv bruk av systemet. Regelverk for personvern kjem på plass, og rollene til og kontakten mellom IMI-aktørane blir klargjorde og forenkla. Det blir også lagt til rette for framtidig, utvida bruk av IMI.

Merknader til dei enkelte kapitla i direktivet

Kapittel 1 – Generelle reglar

Kapittelet etablerer føremålet og bruksområdet til IMI. Det går fram av artikkel 3 at IMI skal brukast til informasjonsutveksling mellom medlemsstatane og mellom medlemsstatane og Europakommisjonen. IMI skal brukast til administrativt samarbeid mellom dei kompetente styresmaktene i medlemsstatane og mellom vedkomande styresmakter i medlemsstatane og Kommisjonen i tråd med dei rettsaktene som fell innunder virkeområdet til IMI. Dette inkluderer også utveksling av personleg informasjon.

Det går fram av vedlegget til forordninga kva slags rettsakter som i dag fell inn under virkeområdet til IMI. Virkeområdet til IMI-forordninga kan bli utvida til å omfatte andre EU-rettsakter der det etter nærare vurderingar blir rekna som tenleg.

Kapittel 2 – IMI-relaterte oppgåver og ansvarsområde

Artikkel 6 gjer greie for rolla og ansvarsområdet til IMI-koordinatorane. Artikkel 7 skildrar kompetente styresmakter sin bruk av systemet. Artikkel 9 regulerer tilgjengerettar for IMI-aktørar og deira tilgang til og bruk av personopplysningar. Tilgangsnivået skal vere avgrensa, og i tråd med det profesjonelle behovet til brukaren. Det går vidare fram av artikkel 10 at medlemsstatane nyttar nasjonale reglar for teieplikt for eigne IMI-brukarar. Regelen slår vidare fast at IMI-aktørar skal respektere andre IMI-aktørars førespurnad om fortruleg behandling av opplysningar i ei sak.

Kapittel 3 – Databehandling og tryggleik

Av artikkel 14 går det fram at personopplysningar som blir behandla i systemet, skal blokkerast, det vil seie at dei skal gjerast utilgjengelege for innsyn i systemet seinast 18 månader etter at den aktuelle samarbeidsprosedyren er avslutta. Tre år etter blokkering blir personopplysningar i IMI automatisk sletta. Artikkel 16 gjeld sensitive personopplysningar som allereie i dag blir nytta i IMI gjennom yrkeskvalifikasjons- og tenestedirektivet. Det blir vist til dei generelle reglane i personvern-direktivet (95/46/EF), og forordning (EF) nr. 45/2001 om behandling av personopplysningar i fellesskapsinstitusjonane.

Kapittel 4 – Personvernrettar og tilsyn

Artikkel 18 forpliktar IMI-aktørar å informere dei registrerte om at deira personopplysningar er behandla i IMI. Artikkel 19 grunnfestar innsynsretten til datasubjekta, og høve til å be om endring eller sletting av opplysningar. Slike korreksjonar skal gjerast innan 30 dagar av relevant IMI-styresmakt. Dei nasjonale tilsynsstyresmaktene (Datatilsynet) får kompetanse til å føre tilsyn med IMI-aktørane si handsaming av personopplysningar, jf. artikkel 21.

Kapittel 5 – IMI sitt geografiske virkeområde

Medlemsstatar kan etter artikkel 22 bruke IMI for administrativt samarbeid også innanfor eigne grenser i samsvar med nasjonal lovgjeving. Artikkel 23 gjev IMI-aktørar ei moglegheit for å utveksle personopplysningar med tredjeland og fastset vilkår for dette.

Kapittel 6 – Slutføresegner

Artikkel 24 heimlar opprettinga av ein komité som skal hjelpe Kommisjonen i gjennomføringa av forordninga. Artikkel 25 regulerer omfanget av tilsyn og rapportering om korleis IMI fungerer. Kostnadene når det gjeld utvikling, drift og vedlikehald av IMI-systemet blir dekkja over EUs vanlege budsjett. Medlemsstatane dekker kostnader til IMI-aktivitetar på nasjonalt nivå, som utdanning og teknisk bistand, jf. artikkel 26.

6 Arbeidet med regelverket i EU og Noreg

Nærings- og fiskeridepartementet har følgd prosessen med vidareutviklinga av systemet, mellom anna ved å delta i Europakommisjonen si arbeidsgruppe IMAC-IMI.

Europakommisjonen la 21. februar 2011 fram kunngjeringa «Betre styring av den indre marknaden gjennom auka administrativt samarbeid: Ein strategi for å byggje ut og utvikle informasjonssystemet IMI». Kunngjeringa inneheld nyttig bakgrunnsinformasjon. IMI har så langt fungert på ulovfesta grunnlag. For å leggje til rette for eit framtidsretta system som forenkler samhandlinga mellom styresmaktene i EØS, fremja Europakommisjonen eit framlegg til IMI-forordning. Departementet sende Europakommisjonen sitt framlegg på høyring med høyringsfrist 30. november 2011. Av 25 høyringsinnspel, hadde åtte høyringsinstan-

sar konkrete merknader, og tilbakemeldingane var i all hovudsak positive. Høyringsfråsegnene er publiserte på heimesida til Nærings- og fiskeridepartementet. Med bakgrunn i forslaget til forordning og høyringsinnspela var Noreg med på å utarbeide ei felles EØS/EFTA-fråsegn, som vart send over til Europakommisjonen, Rådet og Europaparlamentet 12. mars 2012. I fråsegna gav EØS/EFTA-statane si støtte til IMI som verktøy. Fråsegna understreka at reglar som vernar sensitive personopplysningar er viktig. Prinsipielle spørsmål knytt til offentlegprinsippet vart også omtala.

Nærings- og handelsdepartementet sende den vedtekne forordninga på høyring 2. april 2013 saman med forslag til endringar i EØS-høyringslova og forskrift om å gjennomføre forordninga. Høyringsnotatet omfatta også forslag til å gjennomføre Europaparlaments- og rådsforordning 1025/2012 om europeisk standardisering. Fristen for å komme med innspel vart sett til 15. mai 2013.

Høyringsnotatet vart sendt til følgjande instansar:

Arbeidsdepartementet
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet
Finansdepartementet
Fiskeri- og kystdepartementet
Fornyings-, administrasjons- og kyrkje- departementet
Helse- og omsorgsdepartementet
Justis- og beredskapsdepartementet
Kommunal- og regionaldepartementet
Kulturdepartementet
Kunnskapsdepartementet
Landbruks- og matdepartementet
Miljøverndepartementet
Olje- og energidepartementet
Samferdselsdepartementet
Utanriksdepartementet

Brønnøysundregistra
Datatilsynet
Direktoratet for arbeidstilsynet
Direktoratet for byggkvalitet
Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi)
Direktoratet for naturforvaltning
Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap

Finanstilsynet
Forbrukarombodet
Forbrukarrådet
Helsedirektoratet
Justervesenet
Klima- og forureiningsdirektoratet
Konkurransetilsynet

Mattilsynet
 Norsk akkreditering
 Oljedirektoratet
 Petroleumstilsynet
 Post- og teletilsynet
 Sjøfartsdirektoratet
 Statens autorisasjonskontor for helsepersonell
 Statens jernbanetilsyn
 Statens legemiddelverk
 Statens vegvesen Vegdirektoratet
 Tilsynsrådet For Advokatvirksomhet
 Utdanningsdirektoratet

Enterprise Europe Network
 Innovasjon Norge

Akademikerne
 Arbeidsgiverforeningen Spekter
 Bedriftsforbundet
 Den Norske Advokatforening
 Den norske legeforening
 Den Norske Revisorforening
 Det Norske Veritas
 Finansnæringens Hovedorganisasjon
 Hovedorganisasjonen for universitets- og høyskoleutdannede (UNIO)
 Hovedorganisasjonen Virke
 Institutt for arbeidsliv- og velferdsforskning (FAFO)
 KS
 Landsorganisasjonen i Norge
 Nemko
 Norges Autoriserte Regnskapsføreres Forening (NARF)
 Norges Juristforbund
 Norsk elektroteknisk Komite
 Næringslivets Hovedorganisasjon
 Standard Norge
 Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund (YS)

I alt 6 instansar har uttalt seg, tre av desse fråsegnene har konkrete merknader til IMI-forordninga. Desse var frå Datatilsynet, Den norske legeforening og Direktoratet for byggkvalitet.

Følgjande melde at dei ikkje hadde merknader:

Arbeidsdepartementet
 Arbeidsgiverforeningen Spekter
 Arbeidstilsynet
 Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet
 Brønnøysundregistra
 Fiskeri- og kystdepartementet
 Fornying-, administrasjons- og kyrkjedepartementet

Justis- og beredskapsdepartementet
 Kunnskapsdepartementet
 Landbruks- og matdepartementet
 Landsorganisasjonen i Norge
 Mattilsynet
 Miljøverndepartementet
 Næringslivets Hovedorganisasjon
 Olje- og energidepartementet
 Post- og teletilsynet
 Samferdselsdepartementet
 Sjøfartsdirektoratet
 Statens autorisasjonskontor for helsepersonell
 Statens legemiddelverk
 Utanriksdepartementet

Datatilsynet har ingen merknader til sjølve framlegga, men tek til etterretning at det har fått eksplisitt tilsynskompetanse for norske styresmaktas behandling av personopplysningar i IMI.

Den norske legeforening er positiv til at IMI-systemet får eit rettsleg grunnlag og at det er framlegg om å innføre reglar som skal ivareta interessene og rettane til dei som blir innlemma i IMI-systemet. Samstundes peiker Legeforeningen på at bruken av IMI vil føre til at svært mange funksjonærar får tilgang til systemet, og at denne krinsen berre vil vekse når IMI blir utvida til å omfatte nye rettsakter og bruksområde. Sidan det er mykje personleg informasjon som blir formidla gjennom systemet, medrekna personlege opplysningar, er det viktig at nasjonale IMI-aktørar er sikra ressursar, slik at bruken av systemet skjer i tråd med reglane i forordninga. Dette er viktig for å sikre at personvernet blir teke vare på i tilstrekkeleg grad. Legeforeningen understrekar kor viktig det er med klåre reglar om vilkår for tilgang til personopplysningar, og meiner at det er uheldig at forordninga berre krev at tilgjengeavgrensinga skal sikrast ved hjelp av «passende midler», jamfør artikkel 9 nr. 4. Legeforeningen meiner vidare at det er uklårt i kva grad oppføringa av ein maksimumsfrist skal gi nasjonalstatane tilgjenge til å innføre kortare blokkeringsfristar. Spørsmålet er viktig med tanke på at ulike typar personopplysningar og behandlingssøremål kan grunngje ulike fristar for blokkering. Det same gjeld slettefristen på tre år. Det er viktig at opplysningane som blir sende gjennom IMI ikkje blir lagra eller formidla lenger enn varslinga gjeld, og at nasjonalstatane har høve til å setje kortare fristar for å sperre og slette informasjon.

Direktoratet for byggkvalitet foreslår at ein vurderer om IMI-forordninga skal gjennomførast i tenestelova.

7 Departementet sine vurderingar

7.1 Vurdering av forordninga

EØS-avtalen inneber fri rørsle av varer, tenester, kapital og personar mellom dei 28 EU-landa og dei tre EØS/EFTA-landa som utgjer den indre marknaden. Desse landa har ulike administrativ oppbygging, kultur og språk, noko som kan skape utfordringar både for næringslivet, privatpersonar og offentlege styresmakter.

Felles EØS-regelverk blir gjennomført nasjonalt, og det blir ført tilsyn med gjennomføringa i kvart enkelt land. For å sikre at dette arbeidet fungerer godt i heile den indre marknaden, er det viktig med godt samarbeid og effektiv flyt av informasjon mellom styresmaktene, på tvers av landegrensene. IMI er eit elektronisk verktøy som skal sikre slikt effektivt og trygt samarbeid over landegrensene. IMI-forordninga utgjer det rettslege grunnlaget for informasjonssystemet for den indre marknaden (IMI).

Erfaringane med IMI har, sett frå norsk ståstad, vore gode. Godt administrativt arbeid er vesentleg for forvaltninga av den indre marknaden. IMI, slik det fungerer i dag, forenkler saksbehandlingsprosedyrer og reduserer administrative byrder gjennom grenseoverskridande aktivitet for forvaltning, bedrifter og borgarar. Gjennom å nytte IMI vil styresmaktene, og særleg etatane, lettare kunne finne fram til den rette tilsvarande styresmakta i ein annan medlemsstat. Dette inneber at ansvarlege styresmakter raskare kan gjere kvalifiserte vedtak, gje borgarane og bedriftene eit betre tilbod, og dermed føre meir effektiv kontroll og tilsyn. Framtidige utvidingar av bruksområdet til IMI kan bidra til enklare og betre forvaltning på fleire område. Samstundes er det viktig at slike utvidingar er godt funderte og basert på behovsanalyser der positive virkningar for næringslivet og den indre marknaden er tungtvegande omsyn.

IMI inneber også utveksling av personopplysningar, og det reiser seg spørsmål knytt til personvern. Omsynet til den enkelte blir teke vare på gjennom utfyllande reglar om handtering og seinare sletting av personopplysningar. Spørsmål rundt prinsippet om offentleglova har også vore oppe. Bakgrunnen for dette er at det i forslaget var krav om at ei oppmoding frå ein medlemsstat om unntak frå offentlegheit *skulle* følgjast. Fleire av EUs medlemsland meinte at det var utfordringar knytt til denne regelen. I den felles EØS/EFTA-fråsegna av 12. mars 2012 uttrykte også EØS/EFTA-statane uro for at grunnleggjande offentlegrettslege prinsipp kunne bli utfordra der-

som denne regelen vart ståande i forordninga. Under voteringa over forordninga i Europaparlamentet vart han difor endra slik at det no er større rom for å undersøkje nærare om det er behov for å unnta eit dokument frå offentleggjering. Departementet meiner at regelen slik han no er formulert kan sameinast med offentleglova.

Gjennom IMI kan styresmaktene finne fram til kvarandre, utveksle informasjon og hjelpe kvarandre gjennom eit felles informasjonssystem. Systemet gir brukarane høve til å lese informasjonen som blir utveksla, på alle offisielle EU-språk. Dette medverkar til å korte ned behandlingstida og er såleis kostnadseffektivt. Vidare vil informasjonsutveksling på tvers av landegrensene i EØS bidra til å kvalitetssikre tenestene. Personvernet for dei som er registrerte i IMI i samband med ei sak, blir sikra gjennom klåre personvernreglar nedfelt i sjølve forordninga og i supplerande personvernregelverk. Departementet meiner at forordninga er eit viktig bidrag til å styrke den indre marknaden, og særleg den europeiske tenestesektoren vil vere tent med at det administrative samarbeidet mellom medlemsstatane blir betre.

IMI blir i dag nytta til samarbeid mellom tilsynsstyresmaktene i EØS om gjennomføringa av yrkeskvalifikasjonsdirektivet, tenestedirektivet, utsendingsdirektivet, e-handelsdirektivet, løfearbeidsdirektivet og pasientrettardirektivet. SOLVIT nyttar systemet for saksgangen der. Europakommisjonen meiner at det seinare vil vere aktuelt å bruke IMI til samarbeid om anna EØS-regelverk. For EØS/EFTA-statane er IMI enno ikkje teke i bruk for direktivet om pasientrettar. Årsaka er at direktivet ikkje har vore innlemma i EØS-avtalen. Så snart dette er på plass vil EØS/EFTA-statane nytte IMI på lik linje med EU-statane på dette området.

Til no har Noreg nytta IMI på dei områda som systemet vart utvikla for før IMI-forordninga kom til i 2012. Norsk tilgang til modulen i IMI om notifikasjonar av regelverk etter tenestedirektivet kravde ein overenskomst mellom EØS/EFTA-statane og Europakommisjonen.

Slik det er gjort nærare greie for under kapittel 4 om gjeldande rett, kan ESA først få tilgang til IMI for tenestenotifikasjonane når forordninga no er ein del av EØS-avtalen. Av EØS-avtalen Protokoll 1 om gjennomgåande tilpassing, punkt 4, følgjer at når ein av EU sine medlemsstatar skal sende opplysningar til Europakommisjonen, skal ein EFTA-stat sende slike opplysningar til ESA. Europakommisjonen og ESA skal vidare utveksle opplysningar dei har mottatt frå EU sine medlemsstatar eller frå EFTA-statane. Dette inneber

at ESA, i tillegg til Europakommisjonen, skal ha brukartilgang til IMI. Så lenge IMI-forordninga ikkje har vore inkorporert i EØS-avtalen, mangla likevel det rettslege grunnlaget for å gi ESA slik tilgang. I det noverande, uformelle systemet, sender difor departementet notifikasjonane, etter tenestedirektivets føresegner, som e-post til ESA før publisering. ESA har ikkje tilgang til EU-medlemsstatane sine notifiseringar, og får såleis ikkje det naudsynte overblikket for å kunne vurdere notifiseringar frå EØS/EFTA-landa i forhold til EU-landa sine notifiseringar. Prinsippet om homogenitet mellom EU-pilaren og EØS/EFTA-pilaren tilseier såleis at ESA bør ha tilgang til IMI.

Når IMI-forordninga er innført i norsk rett vil vi ha eit godt juridisk grunnlag for å bruke og vidareutvikle IMI. Departementet meiner at IMI får den indre marknaden til å fungere betre, og vår aktive deltaking i IMI har til no fungert godt. Vidare meiner departementet at det er viktig å leggje til rette for at ESA får tilgang til IMI på område der dette er naudsynt.

Den norske legeförening er urolege for at kringen som har tilgang til personopplysningar vil bli utvida etter kvart som IMI blir utvida og nytta på nye område for administrativt samarbeid. Ein IMI-aktør får berre tilgang til den eller dei modulane i systemet som aktøren har behov for ut frå sine ansvarsområde. Departementet vil vidare understreke at det berre er ein saksbehandlar i den enkelte saka som får tilgang til personopplysningane som blir registrerte. Utviding av IMI til nye saksfelt vil såleis ikkje gi fleire personar tilgang til personopplysningane i ei enkelt sak. IMI-forordninga artikkel 14 slår fast at personopplysningar i IMI skal blokkerast så snart dei ikkje er naudsynte for det formålet dei vart innsamla til. Det går her fram at opplysningane berre skal nyttast i den enkelte saka. Samstundes fastset forordninga ei maksimumsgrense på 18 månader for lagring av opplysningar etter den formelle avslutninga av ein sak. Dette må også sjåast i samanheng med artikkel 19 som gir den registrerte rett til innsyn, retting og sletting av opplysningar. Departementet meiner at personvernreglane i IMI-forordninga tar vare på rettane til den registrerte på ein tilfredsstillande måte.

7.2 Om den lovtekniske gjennomføringa

I EU gjeld forordningar direkte i medlemsstatane straks dei er vedtekne på EU-nivå. Sidan EØS-avtalen ikkje inneber overføring av lovgevings-

myndigheit til fellesskapsorgana, må regelverket gjennomførast i nasjonal rett. Det følgjer av artikkel 7 i EØS-avtalen at gjennomføringsplikta gjeld rettsakter som er «omhandlet i eller inntatt i vedlegg til denne avtale eller i EØS-komiteens vedtak». Ei forordning som er innlemma i EØS-avtalen, skal såleis gjerast til ein del av den interne rettsorden. Etter artikkel 7 bokstav a skal ei forordning «som sådan gjerast til del av avtalepartenes interne rettsorden». Dette inneber at forordninga skal gjennomførast ved inkorporasjon. Inkorporasjon inneber at ein vedtek ei lov- eller forskriftsføresegn som fastset at forordninga i EØS-tilpassa form skal gjelde direkte i norsk rett. Dette tek vare på omsynet til rettseinskap.

Departementet legg til grunn at det ikkje ligg føre heimel i gjeldande norsk rett for å gjennomføre forordning (EU) nr. 1024/2012. Departementet har vurdert ulike gjennomføringsmåtar for forordninga. Å implementere forordninga i eiga lov synest ikkje formålstenleg. *Direktoratet for byggkvalitet* foreslår at tenestelova blir vurdert som eit alternativ til EØS-høringslova for implementering av IMI-forordninga. IMI er eit verktøy for elektronisk administrativt samarbeid som femner vidare enn virkeområdet til lov om tenester. Lova eignar seg etter departementet sitt syn såleis ikkje som heimelslov til gjennomføring av IMI-forordninga.

Etter departementet si vurdering synest det formålstenleg å implementere forordninga i EØS-høringslova. Denne lova regulerer ulike administrative prosessar knytte til EØS-samarbeidet. EØS-høringslova gjev i dag ikkje departementet heimel til å vedta forskrift som gjennomfører IMI-forordninga i norsk rett. Etter departementet si vurdering ligg det likevel til rette for å omstrukturere EØS-høringslova slik at ho gjev heimel til å gjennomføre IMI-forordninga. Det er gjort nærare greie for dei konkrete endringsforslaga i merknader til føresegner i lovutkastet.

Departementet syner elles til at høringsinstansane i begge høringsrundane i all hovudsak har vore positive til forslaget. Departementet held difor fast på forslaget i høringsnotatet om å endre EØS-høringslova. Sidan forordninga allereie har tredd i kraft i EU, foreslår departementet at lovendinga trer i kraft straks.

8 Økonomiske og administrative konsekvensar

Innføring og gjennomføring av forordninga er ikkje venta å ha vesentlege økonomiske eller

administrative konsekvensar. Forordninga inneber ei vidareføring av det eksisterande europeiske informasjonssystemet for den indre marknaden. Eventuelle auka utgifter knytt til plikter i forordninga kan dekkast innanfor dei gjeldande rammene til dei fagansvarlege departementa. Fleire av føresegnene i forordninga er retta mot Europakommisjonen. Desse føresegnene vil ikkje ha administrative eller økonomiske konsekvensar i Noreg.

9 Merknader til dei enkelte føresegnene i lovforslaget

Til § 1

I samband med at EØS-høringslova blir endra slik at ho gjev heimel for å gjennomføre forordning (EU) nr. 1024/2012, blir også formålsføresegna i lova oppdatert.

Til § 2 første ledd første punktum

Virkeområdet til lova blir utvida til også å gjelde virkeområdet til forordning (EU) nr. 1024/2012.

Til ny § 13 a

Den nye § 13 a gjev departementet heimel til å gjennomføre rettsaktar om elektronisk administrativt samarbeid i EØS slik som forordning (EU) nr. 1024/2012 og eventuelle seinare endringar i denne.

Virkeområdet og innhaldet i forordning (EU) nr. 1024/2012 talar for at ho blir gjennomført i forskrift. Gjennomføring i forskrift vil også forenkle prosessen med oppdatering av nasjonalt regelverk ved eventuelle framtidige endringar i forordninga.

Nærings- og fiskeridepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i EØS-høringsloven (elektronisk administrativt samarbeid).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i EØS-høringsloven (elektronisk administrativt samarbeid) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i EØS-høringsloven (elektronisk administrativt samarbeid)

I

I lov 17. desember 2004 nr. 101 om europeisk meldeplikt for tekniske regler m.m. blir det gjort følgende endringer:

§ 1 første ledd første punktum skal lyde:

Loven skal motvirke ulovlige handelshindringer og bidra til fri bevegelse i EØS indre marked for varer og informasjonssamfunnstjenester, og etableringer av slike tjenester, gjennom *elektronisk administrativt samarbeid* og et system for europeisk meldeplikt (EØS-høring) for forslag til tekniske regler.

§ 2 første ledd første punktum skal lyde:

Loven gjelder for *elektronisk administrativt samarbeid i EØS* og statlige forvaltningsorganers utarbeidelse og vedtakelse av tekniske regler.

Ny § 13 a skal lyde:

§ 13 a Elektronisk administrativt samarbeid i EØS
Departementet kan gi forskrifter om elektronisk system for elektronisk administrativt samarbeid i EØS, herunder bestemmelser om virkeområdet for og effektiv bruk av systemet og om personvern.

II

Lova gjeld fra den tida Kongen fastset.

Vedlegg 1

**EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDSFORORDNING (EU)
nr. 1024/2012 av 25. oktober 2012 om
forvaltningssamarbeid gjennom informasjonssystemet for
det indre marked og om oppheving av kommisjonsvedtak
2008/49/EF («IMI-forordningen»)**

(uoffisiell oversettelse)

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNION HAR —

under henvisning til traktaten om Den europeiske unions virkemåte, særlig artikkel 114,
under henvisning til forslag fra Kommisjonen,
etter oversending av utkast til regelverksakt til de nasjonale parlamentene,

under henvisning til uttalelse fra Den europeiske økonomiske og sosiale komité¹,

etter framgangsmåten i den ordinære regelverksprosessen² og

ut fra følgende betraktninger:

- 1) Anvendelsen av visse unionsrettsakter som styrer fritt varebytte og fri bevegelighet for personer, tjenester og kapital i det indre marked, krever at medlemsstatene samarbeider mer effektivt og utveksler opplysninger med hverandre og med Kommisjonen. De praktiske metodene for å gjennomføre denne informasjonsutvekslingen er ofte ikke spesifisert i disse rettsaktene, og det er derfor nødvendig å innføre passende praktiske ordninger.
- 2) Informasjonssystemet for det indre marked («IMI») er en brukerprogramvare som er tilgjengelig gjennom Internett, og som er utviklet av Kommisjonen i samarbeid med medlemsstatene, med henblikk på å bistå medlemsstatene med den praktiske gjennomføringen av de kravene til informasjonsutveksling som er fastsatt i unionsrettsakter, ved å gi tilgang til et sentralt kommunikasjonssystem for å lette informasjonsutveks-

ling over landegrensene og gjensidig bistand. IMI hjelper særlig vedkommende myndigheter med å identifisere personer med tilsvarende stilling i en annen medlemsstat å håndtere informasjonsutvekslingen, herunder av personopplysninger, ved hjelp av enkle og ensartede framgangsmåter samt å overvinne språkbarrierer ved hjelp av forhåndsdefinerte og -oversatte arbeidsprosesser. Kommisjonen bør, når dette er tilgjengelig, tilby IMI-brukerne eventuelle eksisterende tilleggsfunksjoner for oversettelse som imøtekommer deres behov, er forenelige med sikkerhets- og fortrolighetskravene til informasjonsutveksling gjennom IMI og kan tilbys til en rimelig kostnad.

- 3) For å overvinne språkbarrierer bør IMI i prinsippet være tilgjengelig på alle de offisielle EU-språkene.
- 4) Formålet med IMI bør være å forbedre det indre markeds virkemåte ved å tilby et effektivt, brukervennlig verktøy til gjennomføringen av forvaltningssamarbeidet mellom medlemsstatene og mellom medlemsstatene og Kommisjonen, og på den måten lette anvendelsen av unionsrettsaktene angitt i vedlegget til denne forordning.
- 5) I kommisjonsmeldingen av 21. februar 2011 med tittelen «Bedre styring av det felles marked gjennom økt forvaltningssamarbeid: En strategi for å utvide og utvikle informasjonssystemet for det indre marked («IMI»)», er det fastsatt planer for en mulig utvidelse av IMI til andre unionsrettsakter. I kommisjonsmeldingen av 13. april 2011 med tittelen «Rettsakten for det felles marked: Tolv tiltak for å skape vekst og økt tillit — Sammen om fornyet vekst», framheves IMIs betydning for

¹ EUT C 43 av 15.2.2012, s. 14.

² Europaparlamentets holdning av 11. september 2012 (ennå ikke offentliggjort i EUT) og Rådets beslutning av 4. oktober 2012.

å styrke samarbeidet mellom involverte aktører, herunder på lokalt plan, noe som bidrar til en bedre styring av det felles marked. Det er derfor nødvendig å opprette en solid rettslig ramme for IMI og felles regler for å sikre at IMI fungerer effektivt.

- 6) Når anvendelsen av en bestemmelse i en unionsrettsakt krever at medlemsstatene skal utveksle personopplysninger, og fastsetter formålet med denne behandlingen, bør en slik bestemmelse anses som et tilstrekkelig rettslig grunnlag for behandlingen av personopplysninger i henhold til vilkårene i artikkel 8 og 52 i Den europeiske unions pakt om grunnleggende rettigheter. IMI bør først og fremst ses som et verktøy for informasjonsutveksling, herunder av personopplysninger, som ellers ville finne sted med andre midler, herunder vanlig post, telefaks, elektronisk post, på grunnlag av en rettslig forpliktelse som medlemsstatenes myndigheter og organer er pålagt i henhold til unionsrettsakter. Personopplysninger som utveksles gjennom IMI, bør bare innsamles, behandles og brukes til de formålene som er forenelige med formålene de opprinnelig ble innsamlet til, og bør omfattes av alle relevante garantier.
- 7) IMI er i samsvar med prinsippet om innbygd personvern blitt utviklet idet det er tatt hensyn til kravene i lovgivningen om vern av personopplysninger, og systemet har helt fra begynnelsen fremmet vern av personopplysninger, særlig i kraft av de begrensningene som gjelder for tilgang til personopplysninger som utveksles gjennom IMI. IMI tilbyr derfor et langt høyere verne- og sikkerhetsnivå enn andre metoder for informasjonsutveksling, for eksempel vanlig post, telefon, telefaks eller elektronisk post.
- 8) Forvaltningssamarbeid som foregår elektronisk mellom medlemsstater og mellom medlemsstater og Kommisjonen, bør være i samsvar med reglene om vern av personopplysninger som fastsatt i europaparlaments- og rådsdirektiv 95/46/EF av 24. oktober 1995 om beskyttelse av fysiske personer i forbindelse med behandling av personopplysninger og om fri utveksling av slike opplysninger³, og i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 45/2001 av 18. desember 2000 om personvern i forbindelse med behandling av personopplysninger i Fellesskapets insti-

tusjoner og organer og om den frie bevegelse for slike opplysninger⁴. De definisjonene som brukes i direktiv 95/46/EF og forordning (EF) nr. 45/2001, bør også få anvendelse på denne forordning.

- 9) Kommisjonen leverer og forvalter programvaren og IT-infrastrukturen for IMI, sørger for IMIs sikkerhet, forvalter nettverket av nasjonale IMI-koordinatorer og er involvert i opplæringen av og den tekniske bistanden til IMI-brukerne. For dette formålet bør Kommisjonen bare ha tilgang til de personopplysningene som er strengt nødvendige for at den skal kunne utføre sine oppgaver innenfor de ansvarsområdene som er fastsatt ved denne forordning, så som registrering av nasjonale IMI-koordinatorer. Kommisjonen bør også ha tilgang til personopplysninger når den på anmodning av en annen IMI-aktør innhenter slike opplysninger som er blokkert i IMI, og som den registrerte har anmodet om tilgang til. Kommisjonen bør ikke ha tilgang til personopplysninger som utveksles som ledd i forvaltningssamarbeidet gjennom IMI, med mindre en unionsrettsakt tillegger Kommisjonen en rolle i et slikt samarbeid.
- 10) For å sikre innsyn, særlig for de registrerte, bør bestemmelsene i de unionsrettsaktene som IMI skal brukes for, angis i vedlegget til denne forordning.
- 11) IMI kan i framtiden utvides til å omfatte nye områder der det kan medvirke til å sikre en effektiv gjennomføring av en unionsrettsakt på en kostnadseffektiv og brukervennlig måte, idet det tas hensyn til den tekniske gjennomførbarheten og den overordnede innvirkningen på IMI. Kommisjonen bør foreta nødvendige prøver for å kontrollere at IMI er teknisk klar for en eventuell utvidelse. Beslutninger om å utvide IMI til å omfatte andre unionsrettsakter bør treffes etter framgangsmåten i den ordinære regelverksprosessen.
- 12) Forsøksprosjekter er et nyttig verktøy for å prøve om utvidelsen av IMI er berettiget, og for å tilpasse tekniske funksjoner og saksbehandlingsregler til IMI-brukernes krav, før det treffes en beslutning om utvidelse av IMI. Medlemsstatene bør delta fullt ut i beslutningen om hvilke unionsrettsakter som bør inngå i et forsøksprosjekt, og om de nærmere vilkårene for forsøksprosjektet, for å sikre at forsøksprosjektet avspeiler IMI-bru-

³ EFT L 281 av 23.11.1995, s. 31.

⁴ EFT L 8 av 12.1.2001, s. 1.

- kernes behov og at bestemmelsene om behandling av personopplysninger overholdes fullt ut. Disse nærmere vilkårene bør defineres separat for hvert forsøksprosjekt.
- 13) Intet i denne forordning bør hindre medlemsstatene og Kommisjonen i å beslutte å bruke IMI til informasjonsutveksling som ikke omfatter behandling av personopplysninger.
- 14) Ved denne forordning bør det fastsettes regler for bruk av IMI til forvaltningssamarbeid som blant annet kan omfatte én-til-én-utveksling av opplysninger, framgangsmåter for underretning, varslingsystemer, ordninger for gjensidig bistand og problemløsning.
- 15) Medlemsstatenes rett til å avgjøre hvilke nasjonale myndigheter som skal oppfylle de forpliktelsene som følger av denne forordning, bør ikke berøres av denne forordning. Medlemsstatene bør kunne tilpasse funksjoner og ansvarsområder i forbindelse med IMI til sine interne forvaltningsstrukturer og kunne imøtekomme behov som gjelder for en bestemt arbeidsprosess i IMI. Medlemsstatene bør kunne utnevne ytterligere IMI-koordinatører til å utføre de nasjonale IMI-koordinatorenes oppgaver, alene eller sammen med andre, for et bestemt område av det indre marked, en avdeling i forvaltningen, et geografisk område eller i henhold til andre kriterier. Medlemsstatene bør underrette Kommisjonen om de IMI-koordinatorene som de har utnevnt, men de bør ikke være forpliktet til å oppgi ytterligere IMI-koordinatører i IMI når dette ikke er nødvendig for at det skal fungere.
- 16) For å oppnå et effektivt forvaltningssamarbeid gjennom IMI bør medlemsstatene og Kommisjonen sikre at deres IMI-aktører har tilstrekkelige ressurser til å oppfylle sine forpliktelser i samsvar med denne forordning.
